



Stolte trenarar bak frå venstre: Åge Myklebust og Jan Berntsen. I midten frå venstre: Karsten Haugland, Sondre S. Myklebust, Marius Myklebust, Johannes Haugland. Foran frå venstre: Kjartan Tungesvik, Emil Bakke Berntsen, Robert Stensletten. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Laurdag 5. april vart den årvisse fotballturneringa i Husneshallen arrangert av idrettslaget Trio. Det var eit flott arrangement som dei skal ha all honør for.

Sjølvaste Triogeneralen Svein Røyrvik stod og laga vafler i matbua - ein allsidig og viktig mann for Trio. Uskedalen stilte med to lag, eit i klassen fødde i 1999 og eit lag i klassen 2000. Dei spela tre kampar i kvar klasse. Laget 99 bestod av berre gutar, mens 00-laget var ein blanding av gutar og jenter.

Uskedal 99 vann den fyrste kampen mot Trio-Valen 00 med heile 4-0. Andre kamp var mot Trio-Husnes 99. Den enda med siger 2-0. Den tredje var mot Trio-Valen 99 og også denne kampen enda med siger, 3-0.

Uskedal 00 tapte den fyrste kampen mot Trio-Valen 00 med 0-2. Dei tapte og den andre kampen mot Trio-Sunde 00 med 1-7, mens dei vann den siste kampen mot Trio-Husnes 01 med 2-0

Dette var svært gode kampar, vi fekk sjå flotte Ronaldo-helspark, kjempeskudd og gode finter i kjent Ronandinjo-

stil. Mange var med og heia, men det er plass til fleire så kom og ver med. Vi som var der fekk ei kjempeoppleving i den store og fine hallen .

Elles vil vi gje ein ekstra honnør til dei flinke trenarane vi har her i Uskedalen. Dei trenar gutane og jentene våre igjennom heile vinteren og sommaren. Takk til dåke for den fine jobben dåke gjer for ungane våre og den gleda de gjev til ungane sjølve.

Takk og til alle foreldre og andre som er med og gjer dette til ei flott oppleving for oss alle.

Vi gler oss allereie til neste turnering.

Av Ragnvald Myklebust



Bak frå venstre: Silje Soldal, Jakob Taranger, Joakim Myklebust, Jostein Soldal, Merete Myklebust. Foran frå venstre: Thea Taranger, Torstein Myklebust, Sander Myklebust, Martin Arnesen, Sander Simensen. For desse er trenarane Odd Steinar Arnesen og Kjell Erik Taranger. (Foto: Ragnvald Myklebust)